

Søknad

Søknadsnr.	2016-0010	Søknadsår	2016	Arkivsak	16/1508
Støtteordning	Budsjett 2016 (intern)				
Prosjektnavn	Barneleir Kaupanger 2016				

Kort beskrivelse

CISV Sogn og Fjordane skal arrangere internasjonal barneleir for elleveåringar frå 12 ulike land, slik at vi kan sende ut barn og unge frå Sogn og Fjordane på tilsvarande aktivitetar i år og kommande år. Aktiviteten gjev leiartrening og nettverk for born og ungdom både i fylket, nasjonalt og internasjonalt.

Prosjektbeskrivelse

I løpet av de siste tjue åra har CISV Sogn og Fjordane sendt ut meir enn 150 barn og unge til leirar i ulike land. På desse leirane får deltakarane venner frå heile verda, og lærer i praksis om fredarbeid og om kor verdifulle og spennande ulike kulturar er. Dei kjem attende til fylket med auka kunnskap og positive haldningar både til seg sjølv, sine nærmaste og folk frå andre kulturar.

For å kunne sende ut barn og unge frå fylket kvart år, er CISV Sogn og Fjordane forplikta til å arrangere eigen leir kvart tredje år. Derfor vil vi i perioden 1. – 28. juli 2016 saman med 48 elleveåringar frå 12 ulike land, 12 leiarar, seks juniorleiarar og ein lokal stab skipe til internasjonal barneleir på Kaupanger barneskule. Alle aktivitetane på leiren er knytt opp mot det internasjonale temaet CISV har i 2016, berekraftig utvikling. Utifrå dette har vi kalla vår leir "Footprints village" som handlar om dei fotavtrykka vi menneske etterlet oss på jorda. Vi vil bruke ulike aktivitetar og leikar for å utforske dette temaet gjennom vekene på leiren. Sjøppel, utslepp, resirkulering og rettferdig fordeling av ressursar vil vere aktuelt å ta opp.

Aktivitetane vert planlagt ved leirstart i samarbeid mellom staben, leiarane og juniorleiarane. Målet er at alle deltakarane på leiren - både born og vaksne - gjennom aktivitetane vi gjennomfører skal utvikle kunnskapar, evner og haldningar om berekraftig utvikling som dei kan ta med seg heim og bruke.

Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Søker / Prosjekteier	CISV Sogn og Fjordane Org.nr:997977092	Elihaug 6 6863 LEIKANGER	95869495
Kontakt- person	Tone Skjerdal	Rutlinslid 34	9529 7729
Prosjekt- leder	Vibeke Johnsen	Fjøregeili 3 6856 SOGNDAL	95899022

Mottatt offentlig støtte tidligere: Ja

CISV Noreg får frifond-midler som i neste omgang blir delt ut til fylkesledda i organisasjonen. i 2015

fekk CISV Sogn og Fjordane kr 16.000,-. Då vi arrangerte tilsvarande leir i 2013, fekk vi kr 50.000 i tilskot frå Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Spesifikasjon

Bakgrunn

CISV Sogn og Fjordane er del av ein verdsomfattande organisasjon som har som mål å driva fredsskapande arbeid. CISV arbeider for realisering av prinsipp 10 i FN si Erklæring om barnerettane. Dette gjer vi gjennom å lata barn og ungdom frå ulike land og kulturar få høve til å bli kjend med kvarandre og knyte venskapsband. Aktivitetane er konsentrert om fire fokusområde: Mangfald, menneskerettar, konfliktløysing og berekraftig utvikling.

Kvart år sender CISV Sogn og Fjordane ut 15-20 barn og unge på ulike aktivitetar. Ein sentral aktivitet er dei internasjonale barneleirane. Alle som er i rett alder kan søkja om deltaking i dei ulike aktivitetene som CISV organiserer. Kvart tredje år må fylkelaget arrangere eigen barneleir for å kunne sende våre eigne barn ut årleg. Desse leirane er òg ein flott leiartreningsarena for våre eigne ungdommar, som får ansvar for 70 deltakarar frå minst 12 ulike land.

I 2016 skal CISV Sogn og Fjordane arrangere ein slik barneleir på Kaupanger i Sogndal kommune. CISV Sogn og Fjordane er ansvarleg for planlegging, finansiering og gjennomføring av leiren, og dette er eit stort løft for ein frivillig organisasjon der dei aller fleste bidreg gratis med tid og innsats. Vi er avhengige av økonomisk støtte frå ulike kjelder for å kunne skaffe nødvendig mat og drikke, transport og aktivitetar til 70 born og unge som skal setje kvarandre stemne i fire veker.

Prosjekt mål

Det omsøkte prosjektet har fire mål:

1. Yte lokalt bidrag som er eit grunnlag for at barn og ungdom frå Sogn og Fjordane årleg kan delta på fredsskapande aktivitetar og skaffe seg internasjonal erfaring.
2. Gje ungdom i Sogn og Fjordane leiarerfaring og internasjonalt nettverk gjennom at dei sjølve planlegg, førebur og gjennomfører ein leir.
3. Arrangere barneleir på Kaupanger der barn og ungdom frå mange land får oppleve fylket vårt og driva fredsskapande arbeid.
4. Engasjere nye familiar i det frivillige arbeidet som CISV driv, ved at dei er vertsfamiliar for kvar sine to eller fire born som får oppleve ein heim i Sogn og Fjordane

Forankring

Prosjektet vårt har mål som samsvarer godt med Sogn og Fjordane fylkeskommune sin internasjonale strategi 2014 til 2017. Strategien har følgjande intensjon (s. 2 i dokumentet):

- "- Fremje Sogn og Fjordane sine interesser på internasjonale arenaer
- Gjennom internasjonalt arbeid bidra til å løyse felles utfordringar som er definert i overordna planar og strategiar for Sogn og Fjordane
- Gje ungdom internasjonal kompetanse, kulturforståing og erfaring

Ungdom og vidaregåande opplæring er eit eige satsingsområde i strategidokumentet"

Sogndal kommune har i sine ulike planar trekt fram samspel med frivillige organisasjonar,

internasjonalisering og Sogndal som skulestad. Kommunen har i mange år vore velvillige til å stilla skulane til disposisjon for aktiviteten til CISV. Barneleiren skal vera på Kaupanger skule, som har utmerka seg med eit godt tilbod til asylsøkjjarar og flyktningar i ei årrekkje.

Prosjektorganisering

Styret for CISV Sogn og Fjordane har ansvar for å arrangere internasjonale barneleiar kvart tredje år. Då oppnemner styret ein kvalifisert stab og ein leirkomite:

Staben har ansvar for dialog med delegasjonane før leiren, og for alle aktivitetar og det interne leirlivet under leiren. Staben har fem medlemmar med ulike ansvarsområde. Dei formelle krava til staben er: Minst eit stabsmedlem skal vere 25 år eller eldre. Leirleiar skal tidlegare ha vore stabsmedlem. Stabsmedlemmane skal vere minimum 21 år og som hovudregel ha vore delegasjonsleiar på internasjonal barneleir, alternativt ha anna relevant erfaring (frå utdanning eller anna barne- og ungdomsarbeid). Det femte stabsmedlemmet skal vere 19 år og ha erfaring frå CISV. Alle må levere politiattest, alle må gjennomgå stabsleiaropplæring, alle må ha førstehjelpskurs og minst ein i staben må ha livredningskurs.

Leirkomiteen har ansvar for at alt det praktiske er på plass (leirstad, økonomi, mat, transport, tryggleik, reinhald, vertsfamiliar (to helger) og ekskursjonar. I tillegg skal leirkomiteen støtte staben undervegs i leiren. Leiar av leirkomiteen har lang erfaring frå CISV, og har mellom anna vore delegasjonsleiar stab, leirleiar, fylkeslagsleiar, medlem i sentralstyret og leiar i leirkomiteen dei siste fem leirarrangementa. Eit stort tal lokale, frivillige vaksne og ungdommar deltek og bidreg med dugnadsinnsats i samband med leiren.

Samarbeidspartnere

Butikkar og verksemder i Sogndal og omegn har på tidlegare leiarar bidrege med rimelege varer, gode avtalar og rabattar på tenester. Det er så langt ikkje inngått slike avtalar, men det vil bli arbeidd med dette.

Kommunen stiller med Kaupanger barneskule, og er elles viktig samarbeidspartnar når det gjeld tryggleik og helse for deltakarane på leiren.

Aktiviteter

1 Planleggje leiren, skaffe finansiering og frivillige til dugnadsarbeid og til leing av leiren.

Aktiverse tidlegare deltakarar på CISV-leiarar og deira familiar og andre sympatisørar til å bidra med praktisk arbeid både i planleggingsfasen og under leiren.

Arbeide med lokalt næringsliv for å få gunstige avtalar om transport, mat, rekvisita, ekskursjon osv.

Lage detaljplanar for leiren med aktivitetar for deltakarane, sikra tryggleik gjennom HMS-tiltak (brannvakter, helsesjekk, kontakt med legekontor, osv), planleggje meny, osv

Rekruttere 40-48 vertsfamiliar og innhente politiattest for alle vaksne i familiane.

2 Opplæring av leiarar og stab

Leirleiararen tek eit obligatorisk tredagars leiartreningsseminar saman med tilsvarande leiarar frå andre stader i landet. Eit sentralt tema er korleis CISV arbeider som ein fredsutdannande organisasjon.

Vidare arbeider ein mykje med konflikthandtering og kulturell sensitivitet. Leiarane for same type leir ulike stader arbeider i lag under seminaret, og leieren frå Sogn og Fjordane får gjennom dette eit nasjonalt nettverk som ho kan dra nytte av i det vidare arbeidet.

Heile leirstaben har liknande opplæring. Risikohandtering og arbeid med case er då viktig: kva kan gå galt på leiren, korleis kan vi forebygge at det skjer og korleis skal vi handtere det om det skjer? I tillegg

er det stort fokus på leiing - korleis vere gode leiarar for leiargruppa og leiren, og om dei ulike rollene til leiarane, staben, juniorleiarane og leirkomitéen.

3 Gjennomføring av leir

Leiren varer i 28 dagar, og det meste av tida er deltakarane i leiren. Det er ein fast leirplan og dagsplan for barneleirane, denne er i vedlegg. Obligatoriske aktivitetar på ein barneleir er besøk hjå vertsfamiliar to helgar, ekskursjonar, open dag og ein handledag.

Leiren heiter "Footprints village" som handlar om dei fotavtrykka vi menneske etterlet oss på jorda. Vi vil bruke ulike aktivitetar og leikar for å utforske dette temaet gjennom vekene på leiren. Sjøppel, utslepp, resirkulering og rettferdig fordeling av ressursar vil blant anna vere aktuelt å ta opp.

Aktivitetane vert planlagt ved leiarstart i samarbeid mellom staben, leiarane og juniorleiarane. Målet er at alle deltakarane på leiren - både born og vaksne - gjennom aktivitetane vi gjennomfører skal utvikle kunnskapar, evner og haldningar om berekraftig utvikling som dei kan ta med seg heim og bruke.

Målgrupper

Barn og unge i Sogn og Fjordane som får høve til å reise på tilsvarande leirar i andre land

Ungdom og unge vaksne i Sogn og Fjordane som får leiarerfaring

Internasjonal barne- og ungdomsgruppe som deltek på leiren

Familiar i Sogn og Fjordane som er vertsfamiliar og frivillige

Resultat

1 CISV Sogn og Fjordane kan sende barn og unge frå fylket på barne- og ungdomsleirar nasjonalt og internasjonalt

2 Unge vaksne i Sogn og Fjordane får leiartrening og leiarerfaring i ein internasjonal organisasjon

3 Sogn og Fjordane er arena for ein leir der 70 barn og unge frå minst 12 ulike land, inkludert Noreg, driv fredsskapande arbeid, og knyter venskapsband i fylket

4 Mellom 40 og 48 familiar stiller opp som vertsfamiliar i Frivilligfylket Sogn og Fjordane!

Effekter

Barn og unge frå Sogn og Fjordane får internasjonal erfaring, nettverk og forståing. Ungdom og unge vaksne i fylket får praktisk leiarerfaring i eit internasjonalt miljø.

Kunnskap om berekraftig utvikling vert utvikla og spreidd mellom ungdommar som kan arbeida vidare det nasjonale og internasjonale nettverket dei er vorte ei del av. Desse erfaringane kan borna og ungdomane og ta med seg inn i det lokalsamfunnet dei er ein del av. Det gjeld både deltakarane på leiren på Kaupanger, og deltakarane frå fylket som er på leirar andre stader i landet og utanlands.

Vertsfamiliane får "verda heim" til seg, får medverke i frivillig arbeid og knyter vennskskapsband med ungar som deltek på leiren.

Tids- og kostnadsplan

Tidsplan

Kostnadsplan

Tittel	2016	2017	2018	2019	2020	SUM
--------	------	------	------	------	------	-----

Apotek	3 000	3 000
Ekskursjon	35 000	35 000
Kontorrekvisita	5 000	5 000
Leirkasse, dvs. ymse	15 000	15 000
Leirstab, nattevakt, kjøkenhjelp, transport	471 600	471 600
Løn kjøkenstab	15 000	15 000
Mat under leiren	294 000	294 000
Planlegging og tilrettelegging	18 000	18 000
Reise og opphald til leiarssamlingar i forkant	8 000	8 000
Reise til leir for leiarane	33 000	33 000
Sengetøy (supplering)	12 000	12 000
Transport til/frå leir og utflukt	30 000	30 000
T-skjorter til alle deltakarane	10 000	10 000
Sum kostnad	949 600	949 600

Finansieringsplan

Tittel	2016	2017	2018	2019	2020	SUM
Eigeninnsats, arbeid	489 600					489 600
Eigne midlar CISV Sogn og Fjordane	70 000					70 000
Leirstøtte og reiserefusjon CISV Noreg	90 000					90 000
Støtte, lokalt og regionalt næringsliv	200 000					200 000
Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2016	100 000					100 000
Sum finansiering	949 600					949 600

Geografi

1400-Sogn og Fjordane

Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato
Cisv budsjett leir 2016.xlsx	11 390	19.01.2016
Leirplan og dagsplan.docx	92 551	26.01.2016
Prosjektdiagram.xlsx	10 318	26.01.2016